



Voss herad



EIGARSTRATEGI VOSS ENERGI AS

Vedtatt i Voss heradsstyre 14. november 2024



INNHALD

| | | |
|------|--|----------|
| 1. | INNLEIING | 3 |
| 2. | TAL OG FAKTA – VOSS ENERGI AS..... | 4 |
| 3. | VOSS HERAD SINE FORVENTNINGAR TIL VOSS ENERGI..... | 5 |
| 3.1. | VOSS ENERGI SKAL VERA EIN VIKTIG SAMFUNNSAKTØR..... | 5 |
| 3.2. | VOSS ENERGI SKAL VERA EI LØNSAM OG EFFEKTIV VERKSEMD | 6 |
| 4. | VOSS HERAD SOM EIGAR | 7 |
| 4.1. | VOSS HERAD SKAL VERA EIN AKTIV EIGAR | 7 |
| 4.2. | VOSS HERAD SKAL VERA EIN TYDELEG EIGAR | 7 |
| 4.3. | VOSS HERAD SKAL VERA EIN FØRESEIELEG OG LANGSIKTIG EIGAR..... | 7 |
| | VEDLEGG | 8 |
| | Vedlegg 1: Vedtekter Voss Energi..... | 8 |
| | Vedlegg 2: Nøkkeltal Voss Energi..... | 9 |
| | Vedlegg 3: Notat om «Eierstrategi og avkastning» TALL, desember 2023 | 10 |



1. INNLEIING

Voss herad og Vossevangen skal vera ei drivkraft for vekst i regionen vår. Dei kommunale selskapa våre skal vera eit viktig verkemiddel i arbeidet med at me når visjonen om at Voss er eit sterkt regionsenter med levande bygder.

Kommunen sin eigarskap skal fremja samfunnsansvarleg forretningsdrift og berekraftig samfunnsutvikling. I selskap som kommunen har eigarinteresser i, skal all aktivitet kvila på same normer og etiske retningslinjer som for Voss herad. Kommuneplanen til Voss herad er tufta på FN sine berekraftsmål og selskapa våre skal arbeida for å nå dei av FN berekraftsmåla som er relevante for dei.

[Eigarskapspolitikk i Voss herad](#) skal medverka til god politisk styring og kontroll i tillegg til å leggja rammene for korleis kommunen skal utøva sitt eigarskap. Eigarskapspolitikken skal slik styrka eit godt eigarskap, no og i framtida.

Samla sett skal eigarskapet vårt gje størst mogeleg verdiskaping, men då innafor rammene for det som er berekraftig og det som gjev gode tenester til innbyggjarane våre. Me skal nytta eigarskapet i viktig infrastruktur for samfunnet til å stimulera til endring og omstilling, samstundes som me skal sikra at klima, miljø og natur vert tatt vare på.

Voss herad ynskjer å utarbeida selskapsvise eigarstrategiar for særleg viktige selskap. Eigarstrategien skal danna plattform for ein god styringsdialog, fastsetja mål og ei klar retning på kva eigar vil med selskapet. Kvar eigarstrategi skal definera kva forventningar heradet har til selskapet, innehalda strategiar og eigarkrav samt konkretisera Voss herad si rolle som eigar. Selskapet sine vedtekter og føremålsparagraf vil vera sentralt i utarbeiding av eigarstrategien. Politisk vedteken eigarstrategi vil sidan binda deltakarane i generalforsamling og representantskap. Styret i selskapet er ansvarleg for at eigarstrategien vert lagt til grunn for vidare drift av verksemda.

Føringar lagt i eigarstrategien skal fylgjast opp i samband med årleg rapportering til Voss herad si eigarskapsmelding. Eigarstrategi for Voss Energi skal reviderast kvart fjerde år, fyrste gong i 2028 i samband med at avtale knytt til utbyttekrav er fastlagt.






2. TAL OG FAKTA – VOSS ENERGI AS

Voss Energi AS vart skipa 1. januar 2002 som fisjon av Voss og Omland Energiverk AS. I 2017 vart Voss energi omdanna til konsern med ny selskapsstruktur. Dette som ein naturleg konsekvens av endring i energilova. Konsernet Voss Energi AS er 100% eigd av Voss herad og vert drive frå Voss.

Visjonen til Voss Energi er å vera ei lokal drivkraft for berekraftig utvikling. Føremålsparagrafen er definert i morselskapet Voss Energi AS sine vedtekter¹ og lyder som følgjer:

Selskapet sitt føremål er å eiga selskap som driv energiforsyning, herunder produksjon, omsetnad og distribusjon av elektrisk kraft og andre energiformer, samt breiband/ fiber og det som elles står i samband med dette. Selskapet kan også eiga, delta i eller samarbeida med andre selskap som driv med denne type verksemd eller som driv verksemd som har naturleg tilknytning.

Drifta omfattar produksjon, distribusjon og omsetnad av elektrisk kraft og varme, samt levering av fiber- og breibandtenester. Selskapsstruktur til Voss Energi konsern ser slik ut:



Dotterselskapa er 100% eigd av morselskapet med unntak av Voss Fiber AS der eigarparten er 80%. Alle selskapa er lokaliserte i og vert drivne frå Voss².

¹ Vedtekter Voss Energi AS i vedlegg 1

² Meir informasjon om selskapet på heimesida: <https://www.vossenergi.no/>



3. VOSS HERAD SINE FORVENTNINGAR TIL VOSS ENERGI

Voss Energi forvaltar store verdiar på vegne av Voss herad. Verdien av konsernet vart i 2022 anslått til 627 millionar kroner. Voss Energi er slik ein viktig samfunnsaktør som skapar verdiar for kundar, eigar og samfunnet. Motivasjonen for eit kommunalt eigarskap er soleis både samfunnsøkonomisk og finansielt motivert.

Voss Energi skal ta samfunnsansvar, vera klima- og miljøbevisst og vera ei lokal drivkraft for berekraftig utvikling i regionen vår. Verksemda skal levera resultat som medverkar til verdiskaping og utvikling for eigar, konsern og tilsette.

3.1. VOSS ENERGI SKAL VERA EIN VIKTIG SAMFUNNSAKTØR

FN sine berekraftsmål skal liggja til grunn for Voss Energi si verksemd. Følgjande av berekraftsmåla vil vera særleg relevante for Voss Energi sitt arbeid:



Voss Energi skal bidra i arbeidet med å realisera [Vossaklima 2030](#) - kommunedelplan for klima, klimatilpassing og grøn omstilling. Voss herad forventar at Voss Energi tek ei aktiv og konstruktiv rolle på satsingsområda under Plantema 3 «grøn omstilling» som handlar om «Vosskraft og energiproduksjon», «Grønt giv i næringslivet» og «Dei kommunale selskapa som spydspissar i klimaarbeidet». Det er også ynskjeleg at Voss Energi på eige initiativ lanserer kampanjar, konkurransar og driv generell informasjon og rettleiing som vil motivera og engasjera innbyggjarane våre til energisparing og energieffektivisering. Voss herad forventar også at Voss Energi rapporter årleg inn på desse punkta i samband med innrapportering til Voss herad si eigarskapsmelding.

Voss Energi skal vera kompetent, nyskapande og innovativ, og i front med nye løysingar. Deltaking i regionale samarbeid, som [Grøn Region Vestland](#) og [Klimapartner Vestland](#) bør prioriterast for å skapa synergjar og mest mogeleg regional verdiskaping.

Voss Energi skal bidra til auka verdiskaping gjennom å tilby samfunnsnyttige tenester samt utbygging av ein effektiv og miljøvennleg infrastruktur.

Voss Energi skal skapa verdiar på eit samfunnsansvarleg sett der samfunnsansvar er ein integrert del av konsernet si verksemd.



3.2. VOSS ENERGI SKAL VERA EI LØNSAM OG EFFEKTIV VERKSEMD

Voss Energi skal vera lønsam og økonomisk solid, og gjennom god dialog med eigar oppnå balanse mellom selskapet sitt behov for eigenkapital og eigar sitt krav til avkastning. Voss herad ynskjer å sikra ei effektiv kapitalisering av Voss Energi gjennom å balansera krav om utbytte med selskapet sitt behov for kapital til å utvikla verksemda i tråd med gjeldande eigarstrategi. Dette vil kunna leia til ei verdiskaping som igjen vil mogeleggjera at selskapet kan dela ut eit høgare utbytte på lang sikt.

Voss Energi skal vera ei effektiv og resultatorientert verksemd som med god drift, godt vedlikehald, fornying av anlegg og god beredskap gjev høg forsyningstryggleik.

Voss Energi skal skapa verdiar for kundar, eigar og samfunn. Voss herad forventar at selskapet skapar desse verdiane med utgangspunkt i ein risikoprofil som kan karakteriserast som moderat. Voss Energi skal ikkje gjera disposisjonar som inneber ein høg risiko for at selskapet ikkje kan imøtekomma eigar sine forventningar til utbytt nivå. Voss Energi skal heller ikkje gjera disposisjonar som reduserer selskapet si evne til å vareta ei tilfredsstillande forsyningssikkerheit eller selskapet si posisjon og ansvar i den regionale utviklinga.

Voss herad ynskjer å tryggja framtidig verdiskaping i selskapet og legg fylgjande avkastningskrav til grunn:

- Avkastningskrav eigenkapital: 9,7%
- Avkastningskrav totalkapital (WACC): 6,5%

Avkastningskravet er eit krav til verdiskaping i selskapet, og vert ofte målt som årleg avkastning i % av eigenkapital eller snittet av gjeld og eigenkapital (WACC)³. Det er verdijustert eigenkapital som skal leggest til grunn ved berekning av begge avkastningskrava over. For å sikra estimat for verdijustert eigenkapital og løpande rapportering av avkastning, bør selskapet gjennomføra intern verdivurdering årleg og ekstern vurdering i samband med revisjon av eigarstrategien. Verdijustert eigenkapital er per utgangen av 2022 anslått til 627 millionar kroner. Krav til avkastning er eit viktig styringsparameter då det gjev klare føringar til kva konsernet Voss energi skal levera av verdiskaping. Voss herad ynskjer avkastningskrav til både verdijustert eigenkapital isolert, samt eit krav på den gjennomsnittlege avkastningsraten på kapitalen i selskapet (WACC). Dette for å kunna få større innsikt i samanheng og kopling mellom verdijustert eigenkapital og gjeldssituasjon.

Voss herad forventar at Voss Energi utviklar andre relevante måleparameter for å gje eigar ei heilskapleg innsikt i selskapet. I samband med revidering av eigarstrategien bør det også gjennomførast ei samanlikning av selskapet opp mot bransjen (benchmarking).

Voss herad forventar eit føreseieleg utbytte frå Voss Energi. Utbyttepolitikken vil påverka kapitalisering av selskapet. Voss herad ynskjer å sikra ei effektiv kapitalisering av Voss Energi gjennom å balansera krav til utbytte med selskapet sitt behov for kapital til å utvikla verksemda i ønska retning. Ordinært utbytte frå konsernet Voss Energi vert i dag fastsett til maksimalt 60% av resultatet, eksklusiv skatt, der overskotet vert rekna som gjennomsnittet av årsresultatet for dei siste fem åra. Denne avtalen⁴ gjeld til 2028 eller til partane er samde om å endra den.

Voss Energi kan utvikla andre lønsame forretningsområde som er relatert til verksemda. Voss herad som eigar er særleg opptatt av at Voss Energi skal sørge for ei sikker, miljøvenleg og rasjonell energiforsyning til kundane. Voss herad føreset at Voss Energi si verksemd innanfor både eksisterande og nyutvikla forretningsområde vil generera ei positiv avkastning og bidra til at Voss herad når mål på klima, natur - og miljøområdet.

³ Krava som er lagt til grunn her er rekna ut ved bruk av kapitalverdimodellen, og detaljar om metodikk er skildra i notatet «Eierstrategi og avkastning» - sjå vedlegg 3.

⁴ Ref «Avtale om langsiktige rammevilkår mellom Voss herad og Voss Energi AS (datert 8. juni 2023)



4. VOSS HERAD SOM EIGAR

Voss Energi er ein viktig samfunnsaktør i Voss herad. Med eigarskapet i Voss Energi skal Voss herad bidra til å sikra at Voss Energi vert verande ein viktig samfunnsaktør i bygda og i regionen, også i framtida. Voss herad vil sjå til at eigarskapet vert forvalta til beste for eigar, selskap, kundar og samfunnet generelt.

Voss herad skal utøva ei aktiv, tydeleg og føreseieleg eigarstyring.

4.1. VOSS HERAD SKAL VERA EIN AKTIV EIGAR

Voss herad skal vera ein **aktiv eigar** i Voss Energi gjennom;

- *ei aktiv deltaking i eigarorgan /generalforsamling*

Voss herad si eigarstyring skal utøvast gjennom selskapet sitt eigarorgan, generalforsamlinga. Voss herad sine representantar i generalforsamlinga skal avklara og drøfta saker av uvanleg art eller stor strategisk betydning med relevante politisk organ i forkant av at saka vert handsama i generalforsamlinga.

- *å sikra at styremedlemmane frå Voss herad bidreg til at styret i Voss Energi er eit profesjonelt styre.*

- *å setja Voss Energi på den politisk sakslista*

Med Eigarskapsmeldinga informerer rådmannen årleg heradsstyret om utvikling i selskapet. Heradsstyret vil også handsama enkeltsaker der Voss Energi er part når aktuell sak inngår i heradsstyret sitt myndeområde eller er av stor strategisk og/eller prinsipiell betydning.

- *å nytta Voss Energi som samarbeidspart i viktige samfunnsoppgåver*

Det kommunale eigarskapet legg til rette for at heradet kan nytta selskapet som samarbeidspart i implementering av kommunale og regionale planar, og i ulike prosjekt og samarbeid.

4.2. VOSS HERAD SKAL VERA EIN TYDELEG EIGAR

Voss herad skal vera ein **tydeleg eigar** gjennom:

- *å uttrykkja motivasjonen for eigarskapet*
- *å definera Voss Energi si kjerneverksemd*
- *å uttrykkja forventningar knytt til avkasting og utbytte*
- *å uttrykkja forventningar til verdiskaping og samfunnsnytte*
- *å uttrykkja forventningar til selskapet si risikoeksponering*

4.3. VOSS HERAD SKAL VERA EIN FØRESEIELEG OG LANGSIKTIG EIGAR

Voss herad skal vera ein **føreseieleg og langsiktig eigar** gjennom

- *å utvikla og revidera ein langsiktig eigarstrategi*

Voss herad skal bidra til å skapa føreseielege rammer for Voss Energi ved å utøva kommunen si eigarstyring i tråd med Eigarskapspolitikk i Voss herad og ein langsiktig eigarstrategi ovanfor selskapet. Eigarstrategien skal reviderast minimum ei gong kvar kommunevalperiode.



Vedlegg 1: Vedtekter Voss Energi

VEDTEKTER FOR VOSS ENERGI AS

(Vedtekne i ordinær generalforsamling den 6. juni 2024)

§ 1 Namn

Selskapet sitt namn er Voss Energi AS.

§ 2 Forretningskontor

Selskapet sitt forretningskontor er i Voss herad.

§ 3 Føremål

Selskapet sitt føremål er å eiga selskap som driv energiforsyning, herunder produksjon, omsetnad og distribusjon av elektrisk kraft og andre energiformer, samt breiband/fiber og det som elles står i samband med dette. Selskapet kan også eiga, delta i eller samarbeida med andre selskap som driv med denne type verksemd eller som driv verksemd som har naturleg tilknytning.

§ 4 Aksjekapital

Selskapet sin aksjekapital er på NOK 59 000 000 fordelt på 1 000 000 aksjar à NOK 59 fullt innbetalt og lydande på namn.

§ 5 Styre

Selskapet sitt styre skal ha 6 medlemmer. 4 styremedlemer og 2 varamedlemer vert valde av generalforsamlinga. 2 styremedlemer og 4 varamedlemer vert valde av og mellom dei tilsette. Selskapet sin signatur vert teikna av styreleiar og dagleg leiar i fellesskap, eller to styremedlemer og dagleg leiar i fellesskap. Styret kan medela prokura.

§ 6 Generalforsamling

Den ordinære generalforsamling skal handsame:

1. Fastsetjing av resultatrekneskap og balanse.
2. Bruk av overskot eller dekning av underskot etter fastsett balanse, samt utdeling av utbytte.
3. Val av styre.
4. Andre saker som etter lov høyrer under generalforsamlinga.

§ 7 Aksjelovgjevinga

Elles vert det vist til den til ein kvar tid gjeldande aksjelovgjevinga.



Vedlegg 2: Nøkkeltal Voss Energi

| Tal i 1000-kr | 2023 | 2022 | 2021 | 2020 |
|--|-------------|-------------|-------------|-------------|
| Sum driftsinntekter | 408 830 | 624 491 | 367 714 | 191 995 |
| Driftsresultat | 96 682 | 189 338 | 74 438 | 35 468 |
| Ordinært resultat før skatt | 70 457 | 168 547 | 60 264 | 23 026 |
| Årsresultat | 31 009 | 57 325 | 34 256 | 16 329 |
| Resultat av drifta i % | 7,6 % | 9,2 % | 9,3 % | 8,5 % |
| Utbytte | 18 500 | 15 400 | 10 500 | 7 290 |
| Utbyttegrad (i forhold til bokført EK) | 7,3 % | 6,4 % | 5,0 % | 4,3 % |
| Utbyttegrad (i forhold til pålydande) | 31,4 % | 26,1 % | 17,8 % | 12,4 % |
| Andel av utbytte til Voss herad | 100 % | 100 % | 100 % | 100 % |
| Totalkapital | 1 122 978 | 1 197 895 | 1 025 392 | 804 948 |
| | | | | |
| Bokført Eigenkapital (EK) | 254 760 | 242 252 | 208 437 | 170 304 |
| | 22,7 % | 20,2 % | 20,3 % | 21,2 % |
| | | | | |
| Pålydande | 59 000 | 59 000 | 59 000 | 59 000 |



Vedlegg 3: Notat om «Eierstrategi og avkastning» TALL, desember 2023

I vedlegg notatet «Voss Energi AS – Eierstrategi og avkastning» utarbeida av TALL den 19. desember 2023.

Under ei oppsummering av nøkkeltal nytta i kapittel 3.2. under avsnittet «Voss herad ynskjer å tryggja framtidig verdiskaping i selskapet», der avkastningskrav vert definert.

| Verksemd | Verdijustert egenkapital (MNOK) 2022 | Avkastningskrav Eigenkapital | Avkastningskrav Etter skatt (WACC) |
|---------------------|--------------------------------------|------------------------------|------------------------------------|
| Produksjon | 466 | 9,7% | 7,1% |
| Nett | 275 | 9,2% | 6,4% |
| Fiber | 35 | 11,2% | 7,8% |
| Kraft | 22 | 11,2% | 11,2% |
| Bioenergi | 11 | 10,2% | 7,9% |
| Gjeld i morselskap | -182 | | |
| Voss Energi konsern | 627 | 9,7% | 7,1% |